

# SPORT

## Sterke prestasjoner av lokale alpinistar!

Den siste tida har alpinistar frå vårt distrikt køyrd sterke konkurransar både i nasjonale og internasjonale renn.

BB • EDMUND MELKILD

Under Hovudlandsrenna på Hafjell tok Stordalsjenta Ingrid Busengdal ein sterk femteplass i utførrønet sist torsdag. Eirin Linnea Engeset frå Grytastranda, som køyrer for Spjelkavik, kom i same renn inn som nummer 11 av i alt 90 startande.

### Storslålåm

Under storslålåmrennet laurdag 13. mars fekk Eirin Linnea ein glimrande tredjeplass, etter å ha køyrd seg opp frå sjuandeplass i første omgang. Ingrid Busengdal køyrde seg opp frå 24. til 15. plass etter at ho fekk sjette beste tid i andre omgang. Eirin og Linnea køyrer i klasse 14-15 år.

### Bendit skifestival

Mathilde Vinje Øvrebust og Julie Olsen Almås gjorde det svært bra under Bendit skifestival på Ål i sist fredag. Blant 78 andre startande i super-G vart Mathilde nr. 6 og Julie nr. 11.

Under storslålåmrennet laurdag gjekk det endå betre. Her vart det femteplass på Mathilde og sjuandeplass på Julie. Begge startar i klasse 11 år.

Under søndagens slålåmrenn var begge Stordalsjentene med å kjempa heilt i toppen. Julie vart nummer tre og Mathilde nummer seks. Over 70 deltakarar starta i rennet.

### FIS-renn

Stordalingane Erika Holand Tøsse og Jørgen Vinje Tøsse kørde FIS-renn slålåm i Sverige denne helga, og gjorde sterke løp der. På laurdag Jørgen nummer 12, og hadde ingen andre norske føre seg på resultatlista. Erika køyrde inn til ein sterk



Sterk jentetropp. 12 og 13-åringane som skal til Oppdal til helga, her fotografert saman med 14 og 15-åringane som nyleg har køyrd renn på Hafjell. Bak frå venstre, Vibeke Imselset (12), Kine Kvammen Tøsse (13), Olav Rune Bratland (14), Kjetil Holand Tøsse (14), Andrea Vinje Tøsse (13), Kristiane Nakken (13). Framme frå venstre Analie Ekroll Hove (12, reserve), Kristina Møridal (14), Rebekka Helland (12) og fremst Ingrid Busengdal (15) (foto Stordal Alpin)

niandeplass, og var nest best av dei norske. I andre omgang var ho berre 27 hundredelar bak beste omgangstid. På søndag var Jørgen uheldig i første omgang,

og vart nummer 24. Erika køyrde dessverre ut. Men begge to klara på FIS-rankinga, og forbetra startposisjonane sine.

### Landsfinalen

Kommande helg er det klart for landsfinalen for 12 og 13-åringar på Oppdal. Heile fem av jentene i Møre og Romsdal sin tropp er frå

Stordal. I tillegg har Stordal med ein reserve. Renna går frå fredag til søndag, og den som vil kan følgje renna med såkalla "live-timing" på [www.stordalalpin.no](http://www.stordalalpin.no).



Mathilde Vinje Øvrebust (foto Stordal Alpin)



Julie Almås Olsen (foto Stordal Alpin)



Mathilde Vinje Øvrebust (tv) og Julie Olsen Almås køyrde inn til sterke plasseringar under Bendit skifestival på Ål. (foto Stordal Alpin)